



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Referat

Studentparlamentsmøte 24.03.2021

Tid Onsdag 24.03.21 kl 16.30-19.00
Stad Digitalt møte

Til stades med stemmerett: 8

AHL Irmelin Angell Losvik (V)
AKF Pernille Fynbo Gajhede (H), Heidi Verkland (H)
AMF Sander R. Hauge (H), Nora Skranefjell (H),
ASH Stian Woo Andersson (H),
FRI Simen Vederhus (H), Daria Jermacane (V),

Forfall: Jonas Közle (Fri), Mariely Gonzalez Barboza (AHL), Matilde Tafjord Rødhammer(H), Catharina Voll Matthews, Marthe Nesfossen

Til stades utan stemmerett

AU Trym Nikolas Rimmen, Paloma Lonenzale Alonso, Anna Kristin Indridadottir, Arnaud Duhamel, Trond-Fredrik H. Hoddevik

Kontrollkomitéen -

Organisasjonskonsulent Marit Aklestad
Andre møtande/ Ida Moan, Andre K. Svarstad, Trygve Taranger
gjestar

	Dagsorden for studentparlamentsmøte 24.03.21	
54	Opprop og val av møteleiing	V
55	Godkjenning av innkalling og saksliste	V
56	Godkjenning av referat	V
57	Orienteringar	O
58	Val til styret i SiVolda	V
	Pause 10 min	
59	Status, Arbeidsprogrammet 20-21	D
60	Tillitsvaldordninga, innspel	D
61	Eventuelt	
	Møtekritikk	
	Møteslutt kl 19	

Sak 54 – 20/21: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Namneopprop

Val av møteleiing

Vedtak:

- Trym Nikolas Rimmen vart vald til ordstyrar
- Anna Kristin Indridadottir og Paloma Lorenzale Alonso vart valde til teljekorps
- Marit Aklestad vart vald til referent

Sak 55 – 20/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Type sak: Vedtakssak

Vedtak:

Studentparlamentet godkjende møteinnkallinga.

Studentparlamentet godkjende sakslista med ein merknad:

* Ei eventuelt-sak: Strategiseminar 12. april.

Sak 56 – 20/21: Godkjenning av referat

Type sak: Vedtakssak

Vedtak:

Studentparlamentet godkjende referatet frå sist møte, 24.02.21.

Sak 57 – 20/21: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

AU orienterte om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Nytt Fadderstyre
- Val av nytt AU på april-møtet
- SHot-deltaking
- Førebuingar til Landsmøtet til NSO
- Deltaking på SAIH sitt landsmøte
- Treplanting

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde:

- Møteplassgruppa
- Velferdsgruppa – Sosial vår
- Miljøfyrtårn arbeidsgruppe
- Arbeidsgruppe for Mediebygget

Sak 58 – 20/21: Val til styret i SiVolda

Type sak: Vedtakssak

Studentparlamentet skal velje 3 faste og 3 varaer til SiVolda sitt styre for kommande studieår. Kandidatar som ynskjer å stille til vervet presenterte seg og fekk høve til å halde eit innlegg/valtale.

Desse stilte til val:

- Irmelin Angell Losvik
- Andre K. Svarstad
- Daria Jermacane
- Ida Saxebøl Moum

Votering: urneval

Vedtak: Desse vart valde til styret i SiVolda:

Faste styremedlemmar:

- 1.) Irmelin Angell Losvik
- 2.) Ida Saxebøl Moum
- 3.) Daria Jermacane
 1. vara: Andre Kjerpeseth Svarstad
 2. vara:
 3. vara:

AU arbeider med å finne aktuelle kandidatar til dei ledige varaplassane og tek det opp som sak på neste parlamentsmøte.

Sak 59 – 20/21: Status, Arbeidsprogrammet 20-21

Type sak: Diskusjonssak

Leiar Trym Rimmen innleia ved å gå igjennom AU sine kommentarar til arbeidsprogrammet.

Innspel frå Parlamentet:

- Kommunikasjonen utad kan framleis bli betre slik at studentar får med seg det som skjer og kva AU jobbar med.
- Viktig å jobbe for å engasjere fleire studentar
- SoMe-ansvarleg i AU? Meir info ut om kva som skjer
- Bruke tillitsvaldapparatet meir aktivt og introdusere parlamentet for dei.
- Sørge for god opplæring av tillitsvalde.
- Avsnittet om organisasjon og samarbeid bør ha eit punkt om tilpassing til digital kvardag og planlegging for dette.
- Kontakten og dialogen med SiVolda-styret og HVO-styret kan bli betre
- For å oppnå høg svarprosent på spørjeundersøkingar som Studiebarometeret, er kanskje den beste løysinga å jobbe opp mot lærarar slik at studentar får sett av tid i undervisningstida til å svare.
- Elles gir saka gir ei grei tilbakemelding til Parlamentet på kva som er oppnådd og ikkje

Sak 60 – 20/21: Tillitsvaldordninga, innspel

Type sak: Diskusjonssak

Fagansvarleg Trond-Fredrik H. Hoddevik orienterte om arbeidet som pågår og bad om innspel.

Innspel frå Parlamentet:

Kva bør vere skilnaden mellom representant i kvalitetsutval og tillitsvald for årskullet?

- Ønske om å slå saman rolle/verv i kvalitetsutval og tillitsvalde. Det kan ha fleire fordelar enn ulemper. Klasserepresentant kan vere ein god betegnelse. Sakene ein jobbar med er ofte samankopla og ein får ein betre samanheng i arbeidet.
- Kan vere bra å ha nokon frå Parlamentet i avdelingsrådet. Har elles ikkje noko forum å snakke saman i. Bra å kunne ta med saker tilbake til parlamentet o.l.
- Usamd i å slå saman verva, det kan bli rotate
- Feilen er ikkje i retningslinjene, men korleis det blir praktisert på avdelingane, veit ikkje kva ein skal gjere, lærarar veit ikkje kva vervet inneber. Her trengst opplysningsarbeid frå toppen og ned
- Kan funke å slå saman på nokre avdelingar og linjer, men ikkje alle.

Korleis kan vi gjere opplæringa av tillitsvalde betre (lovverk, retar etc.)

- Ordentleg opplæring må til.
- Mange er nervøse for å gi ei ærleg evaluering av undervisninga. Det gjer det enklare ute på avdelingane når tillitsvalde er godt opplært og vi veit kven som er ansvarlege.

Korleis bør val av tillitsvalde skje? Idear til kva form for kontakt med andre tillitsvalde, type forum?

- Lage enkel opplysningsfilm om gjennomføring av valet
- Innsats for å mobilisere fleire til å bli aktive i studielivet.

Sak 61 – 20/21: Eventuelt

Type sak:

Sak 61.1.: Strategiseminar 12. April

Høgskuledirektør Karen Lomeland Jacobsen inviterer til startegiworkshop på 2-3 timar som studentane kan ha interesse av å jobbe med. Innkalling blir sendt rett etter påske. Marit sender på mail og fb når vi får den formelle innkallinga.

Møteslutt kl 19